



Bryne sokneråd

Postboks 373
4349 BRYNE
Tlf: 51 77 03 70
Faks: 51 43 03 60

Bryne 24.11.2009

Referat frå møte i Bryne sokneråd 2010-2011

Møtedato: 19.11.2009
Møtetid: kl. 19:00
Møtestad: Time Kyrkjekontor (Pauserom)

Tilstede:

Tor Magnus Sivertsen, Rolf Heskestad, Synnøve Hatle, Brit Frøyland, Solveig Martinsen, Magnor Erlend Oma, Ruth Stabel Berg, Stein Ødegård, Elisabeth S. Obrestad.

Meldt forfall:

Gabriel Tengsareid.

Referat

Innkalling og referat er godkjent.

Meldingssak 7, Ansvar for rydding ute og inne, Bryne kyrkje.

Tek dette som sak på neste møte.
Ryddegjeng: Magnor E. Oma forbereder saka.
Vaskegjeng: Annlaug E. Ferking forbereder saka.

Sak 036/09 Konsert Bryne kyrkje.

Vedtak:
Komiteen er på plass.
Beløpet må forskottsbetalast innan 11.02.10. Bryne sokneråd forskottsbetalar og dekkjer eit eventuelt underskot.

Sak 001/09 Ansvarleg for økonomiske system i BSR.

Vedtak:
Oppfordre på gudsteneste om å gje ei ekstra julegåve og informere om fast gjevarteneste.
Informere om fast gjevarteneste på julemessa.

Bryne sokneråd opprettar eit økonomiutval, i utvalet sit Ola P. Undheim for fast gjevarteneste, Tor Magnus Sivertsen og Solveig Martinsen set opp budsjett.
Leiar for utvalet er T.M. Sivertsen, han kommuniserar inn til soknerådet og kallar inn til møte.
Komiteen lagar eit utkast til mandat.

Sak 002/09 Forslag til mandat for gudstenesteutvalet.

Vedtak:
Bryne sokneråd godkjenner utarbeida forslag til mandat for gudstenesteutvalet.

Sak 003/09 NaMu kurs for nye soknerådsmedlemmer?

Vedtak:
Bryne sokneråd ynskjer muligheiten for å delta på eit slikt kurs.
Undersøkje tidspunkt for kurset.

Sak 004/09 Ungdomsutvalet.

Vedtak:

Bryne sokneråd går inn for at ein opprettar eit uval, og at utvalet arbeidar vidare med mandatet. Bryne sokneråd sin representant i utvalet er Rolf Heskestad.

Forslag til mandat blei gjennomgått på møte, punkt 3 endrar ein frå Ansvarsområde til Arbeidsområde. Elles kom det fram at der må stå noko om organisering, kven som er ansvarleg. Mandatet må vera forankra i soknerådet, og ein bør definere oppgåver.

Sak 005/09 Arbeidsavtale i forbindelse med vidareutdanning.

Vedtak:

Bryne sokneråd godkjenner avtalen mellom Time kyrkjelege felleråd, Bryne sokneråd og Leif Oscar Reiestad.

Sak 006/09 Møte og arrangementskalender for 2010.

Vedtak:

Møtedatoar for 2010 er: 14.01. – 11.02. – 11.03. – 29.04. – 20.05. – 17.06. – 19.08. – 23.09. – 21.10. – 18.11.

Nyttårsfest i Bryne kyrkje kl 20.00. Dette er ein fest for alle, og Bryne sokneråd står som arrangør. Ansvarleg er Rolf Heskestad. Kyrkja er reservert frå kl 17.00.

02.01.10. Juletefest kl 15.00. Ansvarleg er Brit Frøyland. Kyrkja er reservert frå kl 12.00.

26.01.10. Presentasjon av NaMu profil.

Årsmøte med middag etter gudsteneste, koma tilbake til dato. Rekneskapet for 2009 må vera klart.

Konfirmantfest, Ingfrid kjem med dato. Setja ned ein komité over nyttår.

Sak 007/09 Offersøknader.

Vedtak:

På grunn av den økonomiske situasjonen til Bryne sokneråd, går vi inn for ei fordeling 40% eksterne offer og 60% interne.

Eventuelt

Idé til midtsideinnstikk i Helgdagen februar 2010: ***Di kyrkje si gåve til deg – di medlemsgåve til kyrkja di!***

Stein Ødegård informerte og Bryne sokneråd støttar innspelet. Vi går for å samla inn årlege midlar, utvalet vurderer om dei vil ha eit eller fleire prosjekt.

Kjem tilbake til saka.

For Bryne sokneråd

Elisabeth S. Obrestad
Sekretær